

Notat

Dykkar dato: Vår dato: 06.12.2023
Dykkar ref: Vår ref: 2023/562
Arkiv: 150
Sakshandsamar: Trond Salmo

Til: Avd.:
Kommunestyret

Kommentarar frå kommunedirektøren

Dokumentet har denne inndelinga:

1. Kommunedirektøren sine kommentarar til budsjettframlegget frå formannskapet
2. Budsjettavtale mellom regjeringa og SV
3. Budsjettkonsekvensar av ulike vedtak i formannskapet 28. november
4. Konsekvensar av budsjettframlegget for VA

Kommunedirektøren sine kommentarar til budsjettframlegget frå formannskapet.

Avsetjing til investering kan ikkje vera negativ. Dette ville vera å lånefinansiera drifta, og ikkje i tråd med kommunelova. I framlegget frå formannskapet er det ei negativ avsetjing til investering. Denne må difor endrast til «bruk av disposisjonsfond».

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett har føresett at alt overskot i perioden skal gå til investeringar (19,7 mill.), for å redusera behovet for nye låneopptak. Formannskapet vel i staden å setja av konsesjonsinntekt havbruk til eit fond. Prinsippet om å ikkje nytta inntektene frå konsesjonssal havbruk i drift, er også i tråd med kommunestyret sitt krav om 1 % driftsoverskot. Formannskapet reduserer overføringa til investeringar til 10,66 mill. Dette fører til at ein større del av investeringane vil måtte lånefinansierast, samstundes som renteinntektene vil auke noko. Konsekvensen vert om lag slik:

	2024	2025	2026	2027
Budsjettkonsekvens	- 66 000,-	- 47 000,-	367 000,-	415 000,-

Underskotet i 2027 er ei utfordring, sjølv om halvparten skuldast underskot VA. Sjølv om det er «langt fram», må me både ta omsyn til dette i alle vedtak med budsjettkonsekvens framover. I tillegg bør me starte ein prosess for å ta ned driftsnivået frå 2027. Denne prosessen er krevjande. For å få ein god prosess, bør denne starte seinast i byrjinga av 2025. Då veit me og korleis neste økonomiplan ser ut.

Kommentarar til nokre av dei framlagde endringane:

- a. [Samfunnsutvikling og drift, redusere auke i budsjetttramme på drift/brann med kr 500 000,- årleg.](#)

Budsjetta for brann og redning har vore underbudsjettet gjennom fleire år. Samtidig har aktiviteten auka m.a. til helserelevante utrykningar. Ein slik reduksjon vil føra til at ein ikkje klarar å dekkja lønskostnadane. Ein vil gå med eit underskot på drifta frå første månaden i 2024. Det er heller ikkje mogeleg å henta inn dette beløpet på drifta andre stadar innafor tenesteområdet.

- b. **Reperasjon tak Rimbareid, investering/ disp.fondet (oppgradera)**
Skiljet mellom vedlikehald og investering er gjeve i kommunal standard nr. 4, og seier mellom anna: «Som vedlikehold klassifiseres utgifter som påløper for å holde et anleggsmiddel i samme standard tilsvarende som det var på opprinnelig anskaffelsestidspunkt. Dette er tiltak som er nødvendige for å opprettholde anleggsmidlet på et fastsatt kvalitetsnivå, og derved gjøre det mulig å bruke det til sitt tiltenkte formål innenfor forventet utnyttbar levetid.» Ein reparasjon vil difor falla inn under vedlikehald.
Det har vore lekkasje i taket over fleire år, og kommunedirektøren ser det som svært uheldig å måtta utsetja denne reparasjonen. Jo lengre tid det tek før reparasjon vert gjort, jo større risiko for store skadar på konstruksjonen.
- c. **Frisleppområde for hund - midlertidig inngjerding**
Kostnaden med dette tiltaket ligg innafor ei tenkt ramme på kr 30.000,- . Dette vil ein kunna realisera. Kvar dette området bør liggja er for tida uviss. Ein må event. inngå ein leigeavtale med privat grunneigar eller med Fitjar Fjellsameige. Ein leigeavtale vil kunna føra til årlege driftskostnadar.
- d. **Flytte 7 klassar Øvrebygda til Rimbareid - skysskostnader**
Det er ei utfordring å harmonisera kompetansemåla mellom skulane slik at overgangen for elevane blir så saumlaus som mogleg, sjølv om skulane har fokus på dette våren 2024. Det krev ein grundig gjennomgang av læreplanar og undervisningsmetodar på begge skulane for å sikra at elevane oppnår tilsvarende kunnskapar og ferdigheiter ved avslutninga av 6. klasse. Det vert ikkje behov for klassesdeling ved Rimbareid skule av den grunn.
- e. **Frivillig liten - tilskudd varsla**
Kommunedirektøren har ikkje informasjon om dette, men det skal eit nytt inntektssystem på plass våren 2024, gjeldande frå 2025.
- f. **Ikkje tilsetje oppmålingsingeniør - ingen kostnadskonsekvens**
Fitjar kommune kjøper i dag landmålingstenester årleg tilsvarende om lag kr 950 000,-. Skal ein fortsetja denne ordninga må det lysast ut eit nytt anbod. Administrasjonen meiner at det vert klart betre kost/nytteverdi av å tilsetja ein landmålar i 100 % stilling som utfører dette arbeidet. Dette vil ikkje føra til ekstra kostnadar. Plan og utvikling vil i ein periode få 4 stillingar. Ser ein framover i tid vil ein ved naturleg avgang ila dei komande åra (pensjon) redusera talet på stillingar til 3. Me vil då få ei innsparing tilsvarende dei kostnadane som ein kjøper tenester for i dag. Kommunen har eit stort etterslep på digitalisering av planar og kartforvaltning, og har behov for å koma ajour her. Landmålarstillinga er tenkt å skulla dekkja inn både oppmålingsarbeid, handsaming av matrikkelsaker, kartforvaltning, arbeid med planregister, adressering osv.

Budsjettavtale mellom regjeringa og SV

Ved gjennomlesing av tabellane frå avtalen, ser det ut til å vera to punkt som vedkjem kommunen:

- | | |
|--------------------------------------|---------------|
| - Gratis halvdagsplass for 3. trinn | 880 000 000,- |
| - Øke minstesatsen for KVP-mottagere | 17 000 000,- |

Dette vil truleg auke rammetilskotet til Fitjar med 520 000,-. Med erfaringa frå 2023 med tilsvarende endring i inntekt (og ukjend utgiftsbehov), tilrår kommunedirektøren å vente til revidert budsjett med å legge inn inntekter og utgifter knytt til desse føremåla.

Budsjettkonsekvensar av ulike vedtak i formannskapet 28. november

PS 90/23 Omdisponering av midlar i investeringsbudsjett 2023 (Smedholmen)

Det kjem inn eit nytt investeringsprosjekt i 2024, finansiert av unytta lånemidlar 2023:

Restaurering Smedholmen	kr 200 000,-
-------------------------	--------------

PS 91/23 Igongsettingsvedtak og omprioritering i investeringsbudsjett for 2023 (e-sport)
Investeringsrammene i 2023 og 2024 vert uendra. Innhaldet i samleposten idretts- og kulturliv
2024 skal dekke leikeapparat ved Øvrebygda skule.

PS 94/23 FKIB - søknad om forskottering av ENOVA stønad og rentefritt lån
Det kjem inn eit nytt investeringsprosjekt i 2024 finansiert av ubundne investeringsfond, og
tilbakebetalingar i økonomiplanen

2024	2025	2026	2027
1 360 000	- 194 285	- 194 285	- 194 285

Driftskonsekvens av redusert likviditet vert:

	2024	2025	2026	2027
Tapte renteinntekter	74 000	51 000	40 000	32 000

Konsekvensar av budsjettframlegget for VA

Utval for plan og miljø tilrår å auke VA-gebyr med kommunal deflator som er 4,3 %. Dette vil
ha følgjande konsekvensar på driftsresultatet for kommunen:

	2024	2025	2026	2027
Vatn	593 392,-	593 392,-	1 029 540,-	1 029 540,-
Avløp	45 882,-	45 882,-	872 831,-	872 831,-
Sum	639 274,-	639 274,-	1 902 371,-	1 902 371,-

Dette fører til redusert overføring til investering, samt at avsetjinga til VA-fond i 2026 fell bort.
Då fell også bruk av VA-fond i 2027 bort.

Status og kva som trengs for eit adekvat vedlikehald, er skildra i saka om VA-gebyr. Framlagt
tilråding vil forverre både tilstand og vedlikehaldsetterslepet. Sjølv om både vatn og avløp er
sjølvkostområde, kan kommunen bestemme å dekke nokon av utgiftene på kvart av områda.

Med helsing

John Karsten Raunholm
Konstituert kommunedirektør

Trond Salmo
økonomisjef